



Hardanger



[www.kristianevev.no](http://www.kristianevev.no)

# JONDALSOKKEN

Ide, mønster og oppskrift v/Kristi Skintveit.

Mønsterbord i 3 (4) fargar på nedbretta brot.

Garn: 3tråds Rauma strikkegarn.

Strømpepinar nr 3,5. (Nr 4 til mønsterborda om du strikkar veldig fast.)

NB: Garnet kan ha litt varierende tjukkeleik frå farge til farge.

S - M - L

Mønster 14 masker,  
15 omganger.



Rapport

XS


Mønster 12 masker,  
15 omganger.



Rapport

XL

Mønster 16 masker,  
15 omganger.



Rapport

- = svart, brunsvart eller gråsvart
- = kulør ( raud, lilla, gul, blå m.fl.)
- = kvit eller lys grå
- = annan farge etter ønskje



## OPPSKRIFT

Storleik: S – M – L / Onesize.

Legg opp 56 m med kulørt tråd, fordelt på 4 pinnar.

(For XS legg du opp 48 m og for XL 64 m. Rekn ut vidare storleik eller ta kontakt med underteikna)

Brotet: Strikk 2 omg vrangbord, 2r og 2vr, utan å vri maskene. Strikk 1 omgang glattstrikk.

Strikk mønsterborda, 4 rapportar, i 3 (4) fargar. (Prikken, den 4. fargen, kan òg syast inn etterpå.) Pass på at du ikkje stramar arbeidet med trådane som går på baksida.

Hald fram med kulørt tråd til du har 4 omg. Lag brettekant ved å strikka 2 m saman + 1 kast, gjenta heile omg rundt. Strikk neste omgang utan å vri kasta. Strikk 4 omg. Vreng strikkesøyet og strikk i motsatt retning 5 cm vrangbord, 2r og 2vr, utan å vri m. Skift til svart tråd og glattstrikk. Fell 4 m fordelt på første omg til 52 m. Hald fram med glattstrikk til svart strikk måler 7 cm. Brotet måler no 13 – 14 cm frå bretten.

Hælen: Set inn merke-tråd og strikk hælen: Pass på å få 1 heil rose bak over hælen, og plasser skøyten mellom omg i mønsterborda på innsida av foten, på begge sokkane. Strikk 26 m fram og attende 18 p. Ta alltid første m laus av utan å vri.

Fell 1 m midt bak på retta og strikk vr attende. Fell 2 m midt bak på retta og strikk vr attende. Fell 3 m midt bak på retta og strikk vr attende. Du har 20 m att. Strikk til midten på retta og strikk saman hælen midt under foten:

Viktig: Hald tråden på retta heile tida. Fell 1 m på rettsida og ta den attende på venstre pinne. Snu arbeidet med vranga mot deg og fell 1 m mot rettsida og ta den attende på venstre pinne. Gjenta til du har 2 m att.

Foten: Plukk opp 12 m på kvar side av hælen og auk 1 m på kvar side mellom hælen og rista. Vri maskene som du plukkar opp/aukar første gong du strikkar dei. Du skal no ha 54 m som du strikkar rundt til du har 3 cm. Fell 1 m i kvar side mellom rista og fotsolen. Strikk 3 cm til og gjenta felling. Du skal no ha 13 m på kvar p under foten og 14 m på kvar p på rista. Strikk vidare til foten måler 16 cm frå hælen. Fell så 2 m med 1 m mellom på kvar side av rista, kvar omgang til det er 6 m att. Felling skal danne ein stolpe over 3 m langs tåspissen. Trekk tråden gjennom restmaskene og fest alle trådane. Strikk 2 like sokkar og damp dei.

Design/prod:

Kristi Skintveit, MNK. N 5627 Jondal, post@kristianevev.no,  
phone: 53 66 81 91 mobile: 909 98 159, Bank: 3450 07 09628

Kristi AneVev  
etablert 1964

Fargenr.: Pris: Nkr